



## Sakspapir

Saksnr.	Utval	Møtedato
034/22	Utval for miljø og samfunnsutvikling	06.10.2022
043/22	Kommunestyret	20.10.2022

Sakshandsamar: Monika Lysne	Arkiv:	Arkivsaksnr.: 22/809 - 2
-----------------------------	--------	-----------------------------

### Detaljregulering for massedeposering i Koparhola, Bjørkum - oppstart av planarbeid

#### Kort samandrag:

Statens vegvesen planlegg for plassering og bruk av overskotsmassar frå oppgradering av Lærdalstunnelen, og ynskjer tilrettelegging for å plassere massar i Koparhola på Bjørkum. Kommunen har stilt krav om reguleringsplanprosess, då området ikkje er regulert til massedeposering, og omfanget av massane er relativt stort.

#### Kommunedirektøren si tilråding:

Kommunestyret vedtek oppstart av planprosess for Detaljregulering for massedeposering i Koparhola, Nordre Bjørkum, i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8. Planområdet må utvidast til å ta med siktsoner i avkøyrsla frå E16.

#### 06.10.2022 Utval for miljø og samfunnsutvikling

#### Røysting:

Tilrådinga frå kommunedirektøren vart samrøystes vedtekn.

#### UMS - 034/22 Vedtak

Kommunestyret vedtek oppstart av planprosess for Detaljregulering for massedeposering i

Koparhola, Nordre Bjørkum, i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8.  
Planområdet må utvidast til å ta med siktsoner i avkøyrsla frå E16.

## **20.10.2022 Kommunestyret**

### **Røysting:**

Tilrådinga frå Utval for miljø og samfunnsutvikling vart samrøystes vedteke.

### **KS - 043/22 Vedtak**

Kommunestyret vedtek oppstart av planprosess for Detaljregulering for massedeponi i Koparhola, Nordre Bjørkum, i medhald av Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8.  
Planområdet må utvidast til å ta med siktsoner i avkøyrsla frå E16.

### **Vedlegg:**

Planinitiativ  
KU-vurdering Nordre Bjørkum  
LÆRDAL\_Plangrense - Nordre Bjørkum  
referat oppstartsmøte Nordre Bjørkum

### **Relevante dokument i saka**

Reguleringsplan for Stuvane - Selthun

### **Aktuelle lover, forskrifter, avtalar m.m.**

Plan- og bygningslova §§ 12-3 og 12-8

### **Saksutgreiing**

Kommunen har vore i dialog med Statens vegvesen om plassering av massar som vil koma frå planlagd oppgradering av Lærdalstunnelen. Statens vegvesen har sett på nokre ulike alternativ, og ynskjer i fyrste omgang å sjå nærare på moglegheit for plassering, midlertidig lagring og bruk av massar i Koparhola på Bjørkum. Administrasjonen har gjennomført formøte og oppstartsmøte i saka med Statens vegvesen og konsulentar, og Statens vegvesen har sendt planinitiativ til kommunen og referat frå oppstartsmøte (sjå vedlegg). Saka omhandlar no oppstart av planarbeid for å regulere for massedeponi og bruk av massar i Koparhola. Skildring av planprosess, innhald, vurderingar som skal gjerast osv. kjem fram av vedlagde planinitiativ med vedlegg og referat frå møte.

### **Økonomiske konsekvensar**

Ingen

## **Vurdering**

Administrasjonen er positiv til at det vert starta reguleringsplanprosess for å sjå på moglegheit for lagring og etterbruk av tunnelmassar i Koparhola. Området har i mange år vore nytta til same føremålet fyrst gjennom midlertidig regulering, så gjennom dispensasjon over 10 år. Dispensasjonen for å bruke arealet til massehandtering går ut oktober 2022.

Administrasjonen ser positivt på å sjå på moglegheiter for å kunne nytte massane til samfunnsnyttig ressurs, og det er gunstig å ha plass til mellombels lagring av massane, og etterbruk av massane. Det er også viktig i ei slik sak å gjere gode vurderingar av konsekvensar for nærmiljøet,trafikktryggleik, naturmangfald, samfunnsikkerheit, klima og miljø osv. Det vert og samstundes jobba med ulike alternativ for plassering av massar, då det kan vera gunstig å plassere massane på fleire stadar, eventuelt vurdere mest gunstig plassering av fleire alternativ.

Administrasjonen meiner planinitiativet legg opp til ein bra prosess for planarbeidet. Me ser at planområdet ikkje tek med siktsoner i avkøyrsla. Dette er viktig å få med, pga. krav i handbok til Statens vegvesen om å vise siktsoner i alle nye planar.